

MØTEBOK

Kommune	Styre, råd, utval	Møtestad	Møtedato	Frå kl. 20.00 Til kl. 22.00
Aurland	fjellstyret	Fjordsenteret	13.6.17	

TIL STADES PÅ MØTET

Medlemar Erling Nesbø, John Håland, May Britt Martinsen, Reidun Bøe Bjørgum, Bjørn Ebne.

**Vara-
medlemar**

Andre Knut Fredrik Øi, Håkon Øydvin, Harald Skjerdal.

HANDSAMA SAKER

Sak nr./år
21/17, 22/17, 23/17, 24/17, 25/17, 26/17.

UNDERSKRIFTER

Vi stadfestar med våre underskrifter at blada i møteboka som vi har signert for er førde i samsvar med det som blei fastsett på møtet.

UTSKRIFTER

Hovudutskrift er sendt til
Fjellstyremedlemene og -varamedlemene, Aurland folkebibliotek.

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 13.6.17

Stad: Fjordsenteret

Sak 21/17. Referat og meldingar

Følgjande meldingssaker vart refererte:

- 1) Møtebok fjellstyremøte 23.5.17
- 2) «Villreinen» for 2017
- 3) E-post frå Statskog SF 6.juni: 420-KV-leidningen Aurland – Sogndal
- 4) Brev frå Statnett SF 18. 5.17 – 420 KV-leidningen Aurland – Sogndal, varsel om stiknings- og målearbeid
- 5) Nye oppslag om fiskekortkjøp med hjelp av mobil i alle sonene
- 6) Søknad frå SJH om støtte i samband med 100-årsjubileum
Merknad: Vert handsama som sak 26/17.
- 7) Brev frå Mattilsynet til kommunane kring Nordfjella 2.6.17, med sterk oppmoding om å auka avskytinga av hjort
- 8) Fjellstyret si disponering av «overskytande» hjorteløyve i år
Merknad: Fjellstyret køyrer det same opplegget som dei to føregåande åra, ved at alle vald som er tilslutta felles bestandsplanområde får tilbod om å kjøpa overskytande løyve. Dersom interessa er lita, kan fjellstyret ta ei ny vurdering av korleis fellingsløyva skal disponerast.
- 9) Erling Nesbø orienterte om drøfting med fjellstyreleiaren i Lærdal, der dei kom fram til at det ligg til rette for ein avtale om samjakt mellom statsallmenningane i Aurland og Lærdal frå 25. august, som inneber at jegerar med allmenningkort i dei to kommunane fritt kan kryssa grensa mellom allmenningane og jakta i naboallmenningen. Fjellstyret går inn for at ein slik avtale vert inngådd.

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 13.6.17

Stad: Fjordsenteret

Sak 22/17. Retningslinjer for jaktlag i reinsjakta og for overdraging av kort

Saksutgreiing låg føre.

Samrøystes vedtak:

På grunn av den spesielle situasjonen med skrantesjuka i Nordfjella villreinområde, lempar Aurland fjellstyre på restriksjonane på jaktlag og overdraging av fellingsløyve.

Aurland fjellstyre tillet at jegerar som har fått fellingsløyve på villrein kan organisera seg i jaktlag på inntil 5 personer. Aurland fjellstyre tillet og at inntil 3 jegerar organisere seg i jaktlag når minst ein av jegerane har fått fellingsløyve. Fellingsløyvet skal berast med i fjellet av den som er ansvarleg for jaktlaget den dagen.

Det er høve til å overdra fellingsløyve vederlagsfritt direkte frå jeger til jeger etter godkjenning av fjellstyret. Kvar einskild fjellstyremedlem og oppsynet til fjellstyret får fullmakt til å godkjenna slik overdraging.

Sak 23/17. Trekking av fellingsløyva for villrein

Saksutgreiing låg føre, saman med lister over 182 innanbygds- og 170 utanbygdsbuande søkjarar.

Handsaming i møtet:

Trekkinga vart føreteken i samsvar med den prosedyren som var skissert i saksutgreiinga.

Sak 24/17. Plan for fiskeutsetjinga i statsallmenningen 2017

Saksutgreiing med framlegg til utsetjingsplan låg føre.

Samrøystes vedtak:

Fiskeutsetjinga i Aurland statsallmenning sommaren 2017 vert i samsvar med den framlagde utsetjingsplanen. Det vert tinga 6000 setjefisk frå Aurland Setjefisk SA.

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 13.6.17

Stad: Fjordsenteret

Sak 25/17. Innføring av godtgjersle for telefonberedskap til kommunalt viltansvarleg

Saksutgreiing låg føre.

Samrøystes vedtak:

Under føresetnad av kommunal godkjenning, vert det innført ei årleg godtgjersle for ulempene det fører med seg å det meste av tida – også utanom vanleg arbeidstid – vera tilgjengeleg på telefon, til den av fjellstyret sine tilsette som er hovudansvarleg for å utføra dei kommunale viltforvaltingsoppgåvene, jfr. avtale inngått med Lærdal kommune i mai 2012. For 2017 vert godtgjersla sett til kr. 15.000. Fjellstyret vil ta opp med kommunen å få inn eit tillegg i avtalen som seier at denne summen kan fakturerast i tillegg til timekostnaden for utført arbeid.

Sak 26/17. Søknad om støtte i samband med Sogn jord- og hagebruksskule sitt 100-årsjubileum

E-post frå SJH v./informasjonsansvarleg låg føre.

Samrøystes vedtak:

Fjellstyret løyver kr. 1000 til Sogn jord- og hagebruksskule i samband med skulen sitt 100-årsjubileum.